



Landbruks- og matdepartementet

Klima- og miljødepartementet

Stranda kommune  
Pb 264  
6201 STRANDA

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/531-

16.09.2016

### Svar på førespurnad om investeringsmidlar til verdsarvområda og fellesfjøs Geiranger -

Vi viser til brev frå Stranda kommune av 3. juni d.å. som omfatta ein søknad om investeringsstøtte til fellesfjøsprosjekt i Geiranger, ein enkeltsøknad om investeringsstøtte til ein gard i Nærøydalen, samt ein overordna søknad frå Verdsarvrådet der ein ber om at det blir innført ei generell ordning med investeringsmidlar til verdsarvområda.

Verdsarvsatsinga Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan får midlar frå både jordbruksavtala og Klima- og miljødepartementet sitt budsjett. Måloppnåinga og erfaringane med desse områdesatsingane er gode, og etterspurnaden etter midlar i særskilt Vestnorsk fjordlandskap er stor. Dette er også bakgrunnen for at avsetninga til Vestnorsk fjordlandskap vart auka med 0,5 mill. kroner i årets jordbruksoppgjjer. Landbruks- og matdepartementet sine midlar til investerings- og bedriftsutvikling i landbruket er forvalta av Innovasjon Norge. I årets jordbruksoppgjjer vart avsetninga til dette føremålet auka med 26,5 mill. kroner til 574,5 mill. kroner. Søknader om investeringsstøtte må difor rettast til Innovasjon Norge. Innovasjon Norge forvaltar elles ordningar knytt til reiseliv m.m., som også kan vere aktuelle i samband med det næringsretta arbeidet i verdsarvområda. Når det gjeld spørsmål om innføring av ei generell ordning med investeringsmidlar til verdsarvområda vil vi vise til at det er fullt mogleg innanfor dagens regelverk å nytte dei særeigne midlane avsett til verdsarvområda til å støtte opp om slike tiltak.

Med helsing

Jon Georg Dale  
Landbruks- og matminister

Vidar Helgesen  
Klima- og miljøminister